



Saksbehandlar: Anne-Lene Norman, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/8402-2

Høyring - Regional utviklingsplan - Helse Vest RHF

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommunen gir svar på høyring om Regional Utviklingsplan – Helse Vest RHF slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling, jf. s.2 i saka.

Vedlegg:

Høyring av regional utviklingsplan for Helse Vest RHF med vedlegg

SAKSFRAMSTILLING

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt dei regionale helseføretaka oppdraget med å utarbeide regionale utviklingsplanar innan utgangen av 2018. Helse Vest RHF inviterer til innspel på det vedlagde utkastet til regional utviklingsplan.

Ein utviklingsplan skal peike på ønskt utviklingsretning og kva tiltak som er naudsynte for å møte utfordringar i framtida. Strategiske og overordna føringar skal ligge til grunn for val av utviklingsretning for verksemda. Mål og tiltak bør ha ein planhorisont på fire og 10-15 år. Dei regionale utviklingsplanane vil inngå som grunnlag for, og innspel til, den kommande revisjon av nasjonal helse- og sjukehusplan.

Helse Vest RHF ber høyringsinstansane om innspel på tvers av faglege, organisatoriske og geografiske grenser, og korleis vi saman kan skape pasientens helseteneste. Det er særleg bedt om innspel til korleis helseføretaket kan løyse utfordringane knytt til berekraft og aukande behov for helsetenester blant innbyggjarane i regionen. Høyringssvara kan med fordel vere korte og presise i forma, og spissa inn mot dei viktigaste temaa for avsendaren.

Høyringsfristen er sett til torsdag **15. november 2018**.

HØYRINGSSVAR FRÅ SGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Sogn og Fjordane fylkeskommune har, på line med dei andre fylkeskommunane, ansvar for folkehelsearbeid. Det vil seie å sikre innbyggjarane våre best mogeleg livskvalitet og levekår. Vårt høyringssvar er, i hovudsak, sett i dette sokelyset:

Visjonen i Helse Vest sin regionale utviklingsplan er *å fremje helse, meistring og livskvalitet*. Denne visjonen er til forveksling lik visjonen for folkehelsearbeid. Folkehelsearbeid er retta inn mot at færrast mogeleg skal verte pasientar. Likevel ser vi det som positivt at visjonen å fremje helse, meistring og livskvalitet også vert gjeldande for pasientar.

Frå planen: «Den regionale utviklingsplanen skal bidra til å realisere visjonen vår og prinsippet om pasienten si helseteneste. Utviklingsplanen fortel korleis vi skal utvikle verksemda for å møte framtidige behov for helsetenester, og han skal peike på tiltak som er nødvendige for å møte utfordringane i framtida.(s. 2)»

Når det gjeld tiltaka skissert under Pasienten si helseteneste (s.35), er tenkinga fundert for tiltaket Individuell plan (heimla i helselovgjevinga frå 2001) positiv for å sikre pasienten best mogeleg livskvalitet. «Inga avgjerd utan meg», «Utvide bruken av koordinator» og «Redusere unødig venting og variasjon» er alle tiltak som kan sikre deltaking, tryggleik og at pasienten kjenner seg godt ivareteken.

Tiltaket «Utarbeide ein regional modell for trygg utskriving» er særleg sentralt for enkelte pasientgrupper. I tillegg burde det vore sokelys på samarbeid og samordning mellom spesialist-helsetenesta og kommunane når det gjeld pasientar med samansette eller langvarige behov. Det vil seie ein konkret regional modell også på dette området.

Når det gjeld helsevesenet sitt ansvar for førebygging er det mangelfullt handsama på tiltakssida i høyringsutkastet.

Under *Føringer og plangrunnlag* (s.10) har Helse Bergen operasjonalisert nokre av aktivitetane i høve førebygging, habilitering og rehabilitering ved å styrke pasientane gjennom læring og meistring. Spesialisthelsetenesta sitt ansvar og mogelegeheter på dette området burde vore løfta opp i den regionale utviklingsplanen.

Frisklivsentralar i kommunane er eit godt døme på korleis personar i risikosona kan få bistand slik at dei kan unngå sjukdom. Dette kan vere eit aktuelt område for samarbeid mellom spesialist-helsetenesta og kommunane. Dette er også eit område for FoU-arbeid i helsetenesta; kva type tiltak og innsats ser ut til å vere teneleg i denne type førebyggande arbeid